



# Naturvernforbundet

## Molde

## AKTIVITETSPLAN 2025 FOR NATURVERNFORBUNDET I Molde

### Del 1. Hovudprioriteringar for 2025

- Vere synlege lokalt
- Vere ein naturleg samarbeidspart/diskusjonspart i saker om natur og klima
- Gjennomslag i minst éin politisk sak: Bevare Retiroskogen som park/friområde
- Medlemsverving

### Del 2. Organisasjon: Eit synleg og slagkraftig Naturvernforbund

Ved utgangen av 2024 var det 314 medlemmer i Naturvernforbundet i Molde. Vi har mål om 20% fleire medlemmer innan utgangen av 2025, og vil at fleire skal føle seg heime i Naturvernforbundet og i miljøørsla.

**Dette skal vi få til ved å:**

- Jamleg informere medlemmene om aktiviteten i lokallaget og moglegheitene til å bidra
- Ha arrangement som medlemmene kan delta på, profilere lokallaget i media og i samband med dei ulike arrangementa.
- Bruke media og sosiale media aktivt for å:
  - informere om aktiviteten i lokallaget både til noverande og framtidige medlemmer
  - auke synlegheita til Naturvernforbundet
- Samarbeide med aktuelle relevante lokale aktørar i nærområdet for å nå ut til nye målgrupper. Eksempel på dette kan vere Frivilligsentralen i Molde, Natur og Ungdom, Miljøagentene, Innbyggerlaben Innom, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Retiroparkens venner, Hold Norge Rent, Besteforeldrenes klimaaksjon, Romsdal turistforening og Bjørnsonfestivalen m.fl..
- Auke kunnskapen hos medlemmer spesielt, og befolkninga generelt, om nærområdet Molde kommune.
- Vere synlege i dei politiske prosessane som handlar om natur- og klimakrisa.

**Eksempel på dette i 2025:**

- Delta på arrangement i samband med Friluftslivets år



- Delta på f.eks. [Innflytterdagen](#) og alle andre relevante arrangement gjennom året, informere om arbeidet vårt og kva ein bidrar til som medlem i Naturvernforbundet
- Arrangere ulike ryddeaksjonar:
  - [byryddedagen](#) 2025 i regi av Hold Norge Rent 8.-10.mai,
  - strandryddeaksjon i samband med Den nasjonale [strandryddeuka](#) 5.-14-september
  - ryddeaksjon på torget i Molde etter nyttårsfeiring 1.januar i samarbeid med InnbyggerLaben Innom.
  - oppfordre til rydding gjennom året utanom aksjonane
- Arrangere [Den store klesbyttedagen](#) 26. april i samarbeid med Frivilligsentralen i Molde mfl..
- Biomangfald:
  - Slått av marka i Lingedalen. Målet er å lage ei blomstereng som insekt forhåpentlegvis vil oppsøke og pollinere.
  - Arrangere slåttekurs sommaren 2025
  - Lyngbrenning / luking av sitkagran på Aukra
- Arrangere, eller delta på, turar i samarbeid med andre foreiningar/organisasjonar
  - Bli kjent med eige nærområde, f.eks. arrangere tur om artsmangfaldet i Retiroparken, fuglevandring e.l..
  - Lage utstilling om skog som kan plasserast i f.eks. biblioteket eller andre offentlege arenaer
- Medlemskurs:
  - Arrangere kurs for medlemmer i å skrive høyringssvar, og viktige lovverk i samband med naturkrisen (f.eks. arealplan)
  - Arrangere kurs for medlemmer i bruk av artsdatabanken og naturbase
- Enkelt saker som styremedlemmene i lokallaget har kapasitet til å jobbe med

### Del 3. Miljøpolitisk arbeid

I 2025 skal Naturvernforbundet i Molde prioritere fokus på naturkrisen

Dette skal skje gjennom:

- Politisk påverknadsarbeid:
  - Gjennom høyringssvar og mediasaker vere synlege og “vaktbikkje” i aktuelle politiske saker
    - Følg opp Klima- og energiplan til Molde kommune, og andre aktuelle planer
    - Utbyggingssaker osv.
    - Moldemarka – følg med evt. planar, endringar etc.
    - I samarbeid med Retiroparkens venner arbeide for å bevare Retiroskogen som park/friområde



- Følge med på f.eks. nettverket om forsøplingssaker mellom kommunane i RIR, politiet og brannvesenet samarbeidet om avfall, og evt. delta i nettverket
    - Melde frå om, og klage på ulovlege søppeldeponi
    - Oppfordre kommunen til rydding av grøfter før vårslått
  - Løfte opp aktuelle saker i samband med valkampen 2025 hos dei politiske partia
    - Invitere dei politiske partia i kommunen til arrangementa våre
    - Delta på aktuelle arrangement i samband med valkampen
- Bruke media og sosiale media aktivt for å:
  - rette søkelyset på lokale/nasjonale hovudsaker
  - spreie kunnskap om politikken til Naturvernforbundet
  - bidra til at miljø står høgt på dagsorden i stortingsvalet i 2025

**Mål:** Auke fokuset på dei utfordringane og moglegheitene som finst i nærområdet, både hos lokalbefolkninga, og hos politiske parti